



**Sjølv om den travle sommaren er forbi, er det nye og populære bandet Brazzooka med eit solid innslag frå Uskedalen framleis ettertrakta.**

**I dag er dei til dømes engasjert til å spela på Festkonserten under den store korpskonkurransen Bømløblåsen**

Dermed vil dei i ettermiddag spela for eit fullsett Bømlø kulturhus der svært mange korpsfolk frå distriktet er blant tilhøyrarane.

Elles går ordet om bandet vidt.

For ein måned sidan var dei trekkplaster på den store 'Jøy meg'-dagen i Sauda. Tilbakemeldingane derfrå var svært gode.

Arrangørane skreiv slik etter arrangementet: 'Mest utruleg med tilbakemeldingar om musikken i år, berre skryt frå gammal og ung.....Takkfor godt arbeid, og det skal ikkje sjå vekk frå at det kjem henvendingar frå Sauda framover. Det var dei som alt nå lurte på om det kunne vere ein tanke å ha Brazzooka her inne i påsken. Då er det ikkje me som er arrangør. Tida vil vise.'

Dei har måtta takka nei til fleire forespørslar av ulike grunnar. Dei har alt no fått forespørsel om dei kan spela under seremonien ved den borgarlege konfirmasjonen også neste år.

Dei fleste medlemmene i bandet er svært så opptekne i ulike musikksamanhengar for tida.

Av Ola Matti Mathisen